



Vaksdal kommune

TILLEGGSINNKALLING KOMMUNESTYRET

Møtedato: 29.02.2016
Møtested: Heradshuset, Dale
Møtetid: 11:00 - 16:00

Eventuelle forfall / melding om møtande varamedlem må meldast til Sølvi Legård epost solvi.legard@vaksdal.kommune.no

Det er open halvtime frå kl. 1100

Innbyggjarar som ønskjer å ta ordet i open halvtime må vere tilstades i kommunestyresalen kl. 1100

Tema: Kommunestruktur

TILLEGGSSAKSLISTE

SAKSNR	TITTEL
20/2016	BRØYTING AV HERFINDALSVEGEN

26. februar 2016

Eirik Haga
Ordfører



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
20/2016	Kommunestyret	PS	29.02.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Svein-Ove Hesjedal	FA - Q03, HistSak - 10/272	15/223

BRØYTING AV HERFINDALSVEGEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre vedtek at Herfindalsvegen skal haldast vinterstengd på strekkja frå avkjørsla til Ardalen kraftstasjon og fram til den kommunale snuplassen i Herfindalen, i samsvar med føresetnadene lagt til grunn for Budsjett 2016.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det vert vist til vedtak i kommunestyret KOM-sak 87/2015 - siste avsnitt «Brøyting Herfindalsvegen».

Brøyting Herfindalsvegen.

«Kommunestyret ber administrasjonen førebu sak til kommunestyret til februar 2016 gjeldande brøyting av Herfindalsvegen og eventuell opning av vegen til påske 2016. Ei slik sak bør innehalde eventuelle konsekvensar for vegvedlikehald, planlagt vedlikehald sommaren 2016 og ei oppdatert kalkyle over kva det vil koste å opne vegen til 2016.»

Kommunestyret vedtok også for budsjett 2016 at: «Å ikkje brøyta Herfindalsvegen til påske» er ei prøveordning våren 2016. Rådmannen legg til rette for evaluering innan juni 2016.»

Vurdering

Kommunen si driftsavdeling har mange års erfaring med konsekvensar i høve til oppbrøyting og vedlikehald av Herfindalsvegen. Vegstrekkja fram til Ardalen kraftstasjon har ein vald å halde vinteropen, det grunna turvande framkomst for beredskap og vedlikehald av kraftstasjonen. Veggen vidare oppover til Herfindalen er å rekna som ein «fritidsveg» som tener hyttefolk, det er ingen fastbundande i området.

Korleis vær- og snøtilhøva vert i området Herfindalen før påsken og vidare fram mot våren, er vanskeleg å sei på førehand. Kostnad ved å opne vegen før påske må såleis kalkulerast utfrå tidlegare erfaringar - kostnad vert estimert til 140.000 kr.

Kostnadsmoment:

Oppbrøyting og snørydding av vegen frå Ardalen kraftstasjon til snuplass Herfindalen om lag 2,7 km. Veggen er smal, svingete og bratt noko som medfører store utfordringar for menneskap og maskiner. Ekstra vintervedlikehald (brøyting/strøing/salting) av vegstrekkja i om lag 6 veker.

Når vegen først er opna skapar det forventningar om at vegen må haldast «døgn open» i perioden, det fører til trong for beredskap. Ein oppbrøyt veg vil få ekstra belastning/slitasje i teleløysinga. Frosne brøytekanter fører til at vegen opptrer som eit «elveløp». Omslag i værtilhøve med mildvær

og regn, typisk vårløysing, fører til store skader på vegbana og grusdekke. Større vårvedlikehald må då til med vøla og tilføring og utlegging av nytt grusdekke. Dette er reelle røynsler ein har frå tidlegare år akurat på denne vegen.

Det er per no for tidleg å sei kva kostnaden for det totale vintervedlikehaldet vert i 2016 . Ved utgangen av januar månad, viser rekneskapen eit forbruk på vintervedlikehald på kommunale vegar på om lag 33 % av budsjett for 2016. Tenesteområdet femnar som kjent m.a. om kultur, veg og grønt samt vedlikehald av kommunal bygningsmasse i tillegg til sjølvkost tenestene. Bruk av budsjetttramma til brøyting av Herfindalsvegen vil føre til konsekvensar for dei andre tenesteområda.